

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF  
**DATO:** 12.06.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Anne Kristin Kleiven/Vidar Vie  
**SAKA GJELD:** **Leiinga sin gjennomgang 1. tertial 2023**  
**ARKIVSAK:** 2023/3553

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
21.06.2023

**STYRESAK:**  
039/2023

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Styret tek Leiinga sin gjennomgang 1. tertial 2023 til orientering.

## Oppsummering

Leiinga sin gjennomgang for Helse Førde gir saman med klinikkane sine gjennomgangar oversyn over føretaket. Helse Førde har også i første del av 2023 utfordringar knytt til ventetider og fristbrot, tilgang på nok personell og økonomi. Det er eit kontinuerleg arbeid med tiltak på alle desse områda. Dette året vert det arbeidd målretta med å planlegge for nye driftsmodellar etter innflytting i LIVA-bygget, Nye Førde sjukehus.

## Fakta

Leiinga sin gjennomgang skal gjennomførast for å sikre at system for styring av verksemda fungerer, er i samsvar med lover og føreskrifter, vert etterlevd og kontinuerleg forbetra. Gjennomgangen vert gjort etter kvart tertial og vert sett i samanheng med rapport om risikostyring.

Saka blir lagt fram for styret etter gjennomgang i føretaksleiinga, og er basert på klinikkane sin gjennomgang av status.

Gjennomgangen syner status på desse tema:

1. Status med oppdrag i styringsdokumentet:
  - a. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
  - b. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik
  - c. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp
  - d. Andre sentrale punkt i Styringsdokumentet
2. Kvalitetsindikatorar med kommentarar
3. Vurderingar av tilstrekkelege ressursar og kompetanse
4. Vurderingar av risikoane i føretaket med tiltak innanfor
  - a. Kvalitet og pasienttryggleik
  - b. Medarbeidardimensjonen
  - c. Økonomi
5. Utviklingsarbeid og endringar i tenestetilbod
6. Administrerande direktør si vurdering

### 1. Status med oppdrag i styringsdokumentet

- a. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Aktivitet i døgnbehandling innfor rusbehandling (TSB) og poliklinikk vaksne er høgare enn i same periode i 2022. Aktiviteten er lågare innanfor døgnbehandling psykisk helsevern vaksne, døgnbehandling born og unge, poliklinikk rusbehandling og poliklinikk barn og unge enn i same periode i 2022.

Ventetid er innafor krava i psykisk helsevern for vaksne og TSB. Det er framleis utfordrande å halde ventetider og ha god nok kapasitet i psykisk helsevern for born og unge. Ventetida har gått opp i 1. tertial 2023, samanlikna med 3. tertial 2022.

Sjå også leiinga sin gjennomgang for psykisk helsevern for utdjuving.

b. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik

Helse Førde arbeider målretta med vidare styrking og opptrapping av aktiviteten innan forskning og innovasjon, jfr handlingsplanen til Strategi for forskning og. Dei to tidlegare strategiske satsingane er slegne saman til ei større satsing - PersonForsk. Arbeidet med å styrke forskinga i klinikkane og auke aktiviteten innan kliniske studiar har kome godt i gang og er i samsvar med føringar om vekst, jf. styringsdokumentet.

Helseinnovasjonskonferansen vart arrangert i februar 2023, med over 400 påmelde frå heile landet. Arbeidet med å sikre rask og rett tilgang til data og nytte dette i aktivt internt og i samarbeid med kommunane er prioritert.

Helse Førde deltek i det regionale samarbeidet om strategisk kompetanseutvikling for prioriterte grupper. Regional rapport om gruppa spesialistar i psykisk helsevern og rus er under ferdigstilling og vil bli overlevert for oppfølging i føretaka. Helse Førde startar opp arbeid med å få på plass ein overordna kompetansestrategi, dette blir eit prosjekt under Pasientens helseteneste. Det vert arbeidd med å styrke kompetansen til fagarbeidarar i samarbeid med undervisningssektoren.

c. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Indikatorane for rask tilgang til helsetenester er ventetider og fristbrot. I høve styringsdokumentet for 2023 skal ikkje gjennomsnittleg ventetid auke samanlikna med 2022. Innan somatikk låg ventetidene i første tertial 2023 (om lag 80 dagar) noko høgare enn tilsvarande periode i 2022 (om lag 70-75 dagar). Det er vel å merke ikkje å forvente at ventetidene i 2023 skal være lågare enn i 2022 i første tertial, då det var spesielt i tredje tertial 2022 at ventetidene hadde ei stabil auke. Det er om lag uendra ventetid i somatikken når vi samanliknar 1. tertial 2023 og 3. tertial 2022, dvs. rundt 80 dagar.

Når det gjeld fristbrot innan somatikken har det i første tertial 2023 vore ein tydeleg reduksjon, fallande frå 500 nye fristbrot i desember 2022 til 242 nye fristbrot i april 2023. Det er framleis eit høgt tal fristbrot, men tendensen er positiv.

Utfordringa med rask tilgang i helsetenester innan somatikken er ein konsekvens av kapasitetsbrist innan fagområde der Covid-19 pandemien førte til at ein måtte utsette nødvendig helsehjelp, som i ettertid må gjennomførast i tillegg til ordinær drift. Dette gjeld for eksempel for kirurgiske inngrep. Mangel på legespesialistar innan nokre fag er og med på å gjere situasjonen utfordrande. Situasjonen er blitt forverra grunna ferieperiodar, spesielt sommarferien 2022. Det er forsøkt å kompensere for kapasitetsbristen med for eksempel kveldspoliklinikkar og ekstern hjelp frå Helse Vest, Helfo og andre helseføretak, men dette har ikkje vist tydeleg effekt innan ventetider.

Innan psykisk helsevern for vaksne og TSB er ventetidene stabilt under ønska nivå. Innan psykisk helsevern for barn og unge var ventetida høg på om lag 50 dagar i første tertial, samt at det oppstod fristbrot i fleire av månadane.

## d. Andre sentrale punkt i Styringsdokumentet

### Samfunnsansvar og miljøstyring

Helse Førde innrettar seg etter spesialisthelsetenesta sitt rammeverk for samfunnsansvar og har utarbeidd mål for miljøstyring som er i samsvar med desse. Det er sett mål som blir arbeidd med på overordna nivå og ute i organisasjonen. Det er også sett opp indikatorar for å nå måla slik at vi kan måle utviklinga. Dette vart synt i eiga styresak i mars 2023. Det er gjennomført utgreiing av korvidt føretaket har ei ansvarleg verksemd i forhold til samfunnsansvar og denne saman med handlingsplanen vert lagt fram for styret i juni 2023. Samfunnsansvaret er breiare og inkluderer også arbeidet med likestilling, inkludering og mangfald. Det er tilgjengeleg ny rapport som gjer det mogleg å følgje med på resultat av miljøarbeidet i føretaka og regionane.

### Tilsyn og revisjonar

Det er vedteke plan for internrevisjon i Helse Vest og i Helse Førde, og føretaket er på plan i forhold til revisjonane. Helse Vest er i gang med internrevisjon for brukarmedverknad.

Helse Førde har gjennomført to internrevisjonar vinter/vår 2023 :

- Beredskap ved bortfall av IKT
- Energileiing

## 2. Kvalitetsindikatorar med kommentarar

Det er utarbeidd ei indikatortavle som skal fange opp dei viktigaste føringane styringsdokument og kvalitetsmål. Indikatortavla må sjåast i samanheng med rapporteringa på andre sentrale punkt i dokumentet.

Indikatortavle Helse Førde 1. tertial 2023						
Indikator	Mål	Status	Førre tertial	Differanse	Frå sist	Utdjuping indikator:
1 Tvangsvedtak PHV	Reduksjon					Færre pasientar med vedtak om tvangsvedtak
2 Auke i kliniske studier med 15%	Auke					Minst 15 % fleire kliniske behandlingsstudiar som inkluderte pasientar, enn i 2022
3 Auke i utdanningsstillingar	Auke					Fleire utdanningsstillingar for ABIOK-sjukepleie og jordmødrer enn i 2022
4 Lærlingar i Helsefagarbeidarfaget	Auke					Fleire lærlingar i helsefagarbeidarfaget enn i 2022
5 LIS i psykiatri	Auke					Fleire LIS i psykiatri enn i 2022
6 Pasientskade målt med GTT	Reduksjon					Andel av somatiske pasientoppald med pasientskade, målt med metoden GTT skal vere redusert til 10 %
7 Pakkeforløp PHV og TSB	80 %		64 %	69	-5	Andel utredet innan anbefalt forløpstid
8 Epikriser PHV og TSB innan ein dag	70 %		44 %	36	8	Prosentvis epikriser sendt innan ein dag siste tertial
9 PHV - ventetid vaksne	40 dagar		29	29	0	Ventetid behandla pasientar versus same tertial i fjor
10 PHV - ventetid barn og unge	Reduksjon		44	44	0	Ventetid behandla pasientar versus same tertial i fjor
11 PHV - ventetid TSB	30 dagar		25	25	0	Ventetid behandla pasientar versus same tertial i fjor
12 Gennomsnittleg ventetid, somatikk	Reduksjon		81 dagar	81	0	Ventetid behandla pasientar versus same tertial i fjor
13 Overhalding av pasientavtalane	95 %		85 %	84	1	Prosent overhaldne avtaler
14 Breispektra antibiotika	Reduksjon		-20 %			Reduksjon siste kvartal i høve til 2019
15 Epikriser somatikk innan ein dag	70 %		74 %	72	2	Prosentvis epikriser sendt innan ein dag siste tertial
16 Pakkeforløp kreft	70 %		60 %	65	-5	Prosentdel gjennomført innan standard tid siste tertial
17 Korridorpasientar	Ingen		0,3 %	0,3	0	Prosentvis korridorpasientar siste tertial
18 Fristbrot	Ingen		945 fristbrot	1541	596	Tal NYE fristbrot siste tertial
19 Digitale helsetenester	15 %		12 %	11	1	Prosent digitale konsultasjonar siste tertial
20 Tryggleiksklima	75 %		84 %	85	-1	Tal einingar med godt tryggleiksklima
21 Sjukefråvær	5,50 %		7,4 %	6,8	-0,6	Sjukefråvær siste fire månader, alle interne ansatte
22 Økonomisk resultat	>Budsjett		-25,6 mill. kroner	-29,1	3,5	Økonomisk resultat i høve til budsjett til no i år

Kvalitetsindikatorane er indirekte mål på ein eller fleire av kvalitetsdimensjonane (tenestene skal være verknadsfulle, trygge, involvere brukarar, samordna og prega av

kontinuitet, tilgjengeleg og rettferdig fordelt, samt at ressursar skal utnyttast på ein god måte).

Indikatorane frå 1 til 6 skal rapporterast årleg og Helse Førde har ikkje tertialvise tal for desse. Statusen er sett ut i frå beste kunnskap hos dei ansvarlege. Indikator 7 til 22 er basert på siste oppdaterte tal.

1. Tvangsvedtak. Det har vore ein reduksjon i siste tertial.
2. Kliniske studiar. Helse Førde har kome i gang med eige prosjekt som skal bidra til å styrke arbeidet og få i gang auke i del pasientar som er inkludert i kliniske studiar. Ein nådde målet om 15 % auke i inkluderte pasientar i 2022 og vil truleg også nå målet i 2023.
3. Det har vore lagt opp til ein viss auke i tal utdanningsstillingar for intensivsjukepleiarar dei siste åra.
4. Lærlingar i helsefagarbeidaryrket: Klinikane har ønskje om fleire lærlingar. Det har vore noko mindre søkjartal enn tidlegare, så det må arbeidast vidare med rekruttering.
5. Det er færre LIS (legar i spesialisering) i psykisk helsevern samanlikna med fjoråret.
6. Pasientskade målt med GTT. Det er vurdert ein nedgang i tala så langt i år.

7.-22:

10 av dei 22 indikatorane syner raudt, men med ei betring for fristbrot, økonomi og epikriser innan PHV og TSB sidan førre tertial. Ni av indikatorane er grønne og tre er gule. Nivået for dei ulike fargane kan diskuterast og er gjort utifrå eit skjønn.

Sjå også til klinikane sine gjennomgangar.

## **7. Vurderingar av tilstrekkelege ressursar og kompetanse**

Det er utfordrande å oppretthalde tilstrekkelege personalressursar og kompetanse til ei kvar tid. Helse Førde er eit relativt lite føretak som må balansere behovet for å ivareta eit breitt spesialisthelsetenestetilbod med behovet for eit meir spissa tilbod i nokre områder. Det er ofte få spesialistar innan spesialiserte fagområde, noko som gjer føretaket sårbart. Å rekruttere og bevare kompetanse er ei kjerneutfordring. Rekrutteringsstrategien er såleis eit viktig satsingsområde og særst viktig tiltak.

Alle klinikane har utfordringar med personalressursar knytt til kjernepersonell. Det blir aktivt jobba med å dekke stillingane, og ein lukkast i nokon grad. Føretaket har medviten satsing på rekruttering, vidareutdanning og kompetansebygging. Helse Vest har etablert eit langsgående arbeid for Strategisk kompetanseplanlegging, som Helse Førde deltek i. Føretaket startar no også opp eit arbeid knytt til å etablere ein ny kompetansestrategi, estimert ferdigstilt hausten 2023. Det vil bli utarbeidd ein overordna kompetansestrategi som skal peike på dei viktigaste rekrutteringsområda i tida framover.

## **8. Vurderingar av risikoar i Helse Førde med tiltak innanfor**

- a. Kvalitet og pasienttryggleik

i. Vurdering av risiko:

Helse Førde har to store risikoområder innan kvalitet og pasienttryggleik som skil seg ut; lang total kø av ventande pasientar og mangelfull integrasjon mellom fleire av IKT-systema. Dette kjem i tillegg til andre viktige risikoområde, som t.d. innan legemiddelområdet og knytt til uønska variasjon som det vert arbeidd målretta med.

Den høge total køen er eit resultat av lange ventelister og mange pasientar som ventar på kontrolltime. Indikatorane for ventetid og fristbrot er relatert til denne utfordringa. Det er risiko for at pasientar som ventar, eller som har starta utredning/behandling og venter på ny time, kan bli alvorleg sjuke utan at dei får behandlingstilbod. Det er og risiko for at pasientar med moderate til alvorlege lidningar utviklar funksjonsreduserande komplikasjonar som konsekvens av manglande behandling.

Manglande integrasjon mellom IKT-system har utvikla seg over fleire år på grunn av innføring av stadig fleire kliniske IKT-system. Ved innføringar har det ikkje vært nok fokus på å sikre kontekst-synkronisering/integrasjon mellom programma. Dette gir risiko for feil i den kliniske situasjon fordi ulike pasientar kan være aktivert på dei ulike programma medan helsehjelpa pågår. Situasjonen fører også til ineffektivitet.

ii. Tiltak

- a. Fortsette arbeidet med å gi tilbod til pasientar som er på venteliste, samtidig som pasientar som allereie har starta utredning/behandling får slutført helsehjelpa dei treng.
- b. Fortløpande gjennomgå venteliste og pasientpopulasjonen som har starta utredning/behandling for å prioritere i høve alvorgrad og prognosetap.
- c. Aktivt nytte eksterne aktørar som kan avlaste sørge-for ansvaret. Dette inkluderer helsehjelp tilbodet for HELFO for pasientar med fristbrot, samarbeide med Helse Vest for å utnytte mogeleg restkapasitet i dei andre helseføretaka, samt å aktivt samarbeide med avtalespesialistar i vårt opptaksområde.
- d. Innan IKT er det pågåande ein omfattande endring av styringsstruktur for digitalisering i Helse Vest der intensjonen er å endre fokus frå innføring til optimalisering av IKT-system. Optimaliseringsarbeidet må ha særskilt fokus på kontekst-synkronisering/integrasjons-utfordringane.

b. Medarbeidardimensjonen

i. Vurdering av risiko:

Tilgang på tilstrekkelege ressursar og kompetanse er den største risikoen knytt til medarbeidardimensjonen, jamfør punkt 3. Det er også knytt utfordringar til eit evt fortsatt høgt sjukefråvær over tid om det stadig kjem nye variantar av covid-19, eller andre tilsvarande pandemiar. Tal på sjukefråvær og score på medarbeidarundersøkinga syner at Helse Førde klarar seg samanlikna med andre føretak.

ii. Tiltak:

- a. Det er utarbeidd og pågår implementering av tiltak knytt til eigen rekrutteringsstrategi.
- b. Helse Førde har eigne delprosjekt knytt til regionalt arbeid med å redusere ekstern turnover.
- c. Utvikling i sjukefråvær følgjast opp månadleg i FAMU

### c. Økonomi

#### i. Vurdering av risiko

Første prognose for 2023 viser at styringsfarten er for høg i forhold til økonomiske rammer. Estimert avvik er rundt 30 millionar kroner dårlegare enn budsjett etter at ein tar høgde for foreslått auke i revidert nasjonalbudsjett for 2023. Personalkostnader og kostnadsvekst innanfor medisinsk heimebehandling og medikament er nokre av hovudårsakene. Eventuelle avvik frå budsjett vil påverke investeringsevna til føretaket.

#### ii. Tiltak

I tillegg til vanlig økonomistyring er det sett i verk følgjande tiltak:

- a. Fokus på involvering av organisasjonen og forankring av behov for endring. Dette har ein mellom anna gjort ved å hente inn forslag til endring frå drifta. Det er deretter gjort omfattande analyser basert på forslaga som så er prioritert i føretaksleiinga. Fokuset har vore på personalkostnader og da spesielt auke i årsverk og kostnader knytt til bruk av overtid, innleie og UTA timar. Konkret handlar dette om bevisstgjerjing, fullmakter og arbeid med betre avvikling av feriar.
- b. Investeringsbudsjettet for 2022 vart tatt ned som følgje av resultatavvik. Det same gjeld investeringsnivået i ØLP og konkret vart mellom anna Svana 2 og 3 utsett. Det er ikkje funne handlingsrom for inkludere desse to prosjekta i ny ØLP vedtatt i mai 2023.

Risikomatrixe						
		Konsekvens				
		Ubetydeleg (1)	Låg (2)	Moderat (3)	Alvorleg (4)	Svært alv./kritisk (5)
Sannsynlegheit	Svært stor (5)				C	
	Stor (4)			B	A	
	Moderat (3)					
	Liten (2)					
	Svært liten (1)					

## 9. Utviklingsarbeid og endringar i tenestetilbod

Helse Førde sin utviklingsplan gjeld også i inneverande år, og alle avdelingar og seksjonar skal ha oppdatert sine handlingsplanar for å nå måla innan sine område for 2023. Ny regional utviklingsplan er vedteken, og Nasjonal helse og samhandlingsplan er på høyring.

Helse Vest er i gang med å innføre ny styringsstruktur for digitalisering, som skal avløyse noverande system for porteføljestyling. Helse Førde har delteke i prosessen, og har

utpekt deltakarar til dei ulike områda. Helse Førde er i gang med innføring av nytt digitalt samhandlingsverktøy for alle medarbeidarar (Microsoft 365), og i løpet av første kvartal har alle fått på plass dei basale verktøya. Neste steg er nytt intranett. Nye Førde sjukehus arbeider med å ferdigstille LIVA-bygget og resterande prosjekt som er finansierte. Program pasientens helseteneste prioriterer driftsmodellar for LIVA-bygget, i tillegg vert det arbeid med andre utviklingsområde, som innføring av digitale helsetenester og å tilby heimesjukehus til barn og unge.

## **10. Administrerande direktør si vurdering**

Leiinga sin gjennomgang er ein overordna systematisk gjennomgang av styringssystemet i verksemda. Denne tertialvise gjennomgangen skal få fram driftsnære og aktuelle problemstillingar.

Indikatorane er i hovudsak henta frå styringsdokumentet til Helse Førde. Det er avvik på fleire sentrale punkt, som det blir arbeid målretta med å lukke. Administrerande direktør er uroleg for dei høge ventetidene og at det er fleire fristbrot enn ein har hatt i tidlegare år. Desse områda har høg prioritet.

Styringsfarten i føretaket er for høg samanlikna med økonomiske rammer frå Helse Vest. Det er avgjerande viktig at ein klarer å tilpasse drifta til dei rammevilkåra framover for å oppretthalde evna til nødvendige investeringar. Det blir kontinuerleg arbeid med tiltak.

Det er grunn til uro for tilgangen til arbeidskraft med rett kompetanse i åra framover. Det er utfordringar innanfor fleire fagfelt. Det blir arbeid metodisk og målretta med problemstillinga, også regionalt, men dette vil verte eit kontinuerleg arbeid.

## **Konklusjon**

Leiinga sin gjennomgang gir eit overordna bilete av stoda i Helse Førde og syner fleire utfordringspunkt som det blir arbeid med å løyse på ein god måte